

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 31.01.2023

Vår ref.: 201104057-112 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Sakshandsamar: Jakob Fjellanger,
jfj@nve.no

Høyring av søknad om Hemsil 3 kraftverk i Gol og Hemsedal kommunar, Viken

Hafslund Eco Vannkraft AS har bedt om at handsaminga av søknaden om Hemsil 3 kraftverk i Gol og Hemsedal kommunar blir satt i gang på ny.

Søknaden er datert 21.01.2013, og har tidlegare blitt handsame av NVE. Etter at saka var på høyring i 2013, og NVE hadde gjennomført folkemøte og synfaring same år, sende NVE si innstilling til OED i 2015. Hafslund Eco trekte søknaden i 2017.

Søknaden blir no sendt på ny høyring til alle som saka vedkjem. Høyringsfrist er 15. mars 2023. Bruk gjerne nettsida til NVE når de sender fråsegn.

Det NVE ønskjer tilbakemelding på frå høyringspartane er om det har skjedd endringar sidan saka var på høyring i 2013, og som kan påverke vurderinga av spørsmålet om det skal gjevast konsesjon, eller vilkåra som bør settast for konsesjon.

Søknaden skal handsamast etter reglane i vassdragsreguleringslova § 6. Den blir kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

Søknaden med fagrapportane, tidlegare fråsegner og NVE si innstilling er tilgjengelege på internettsida til NVE [link](#). Der ligg òg brev frå Hafslund Eco datert 31.10.2022, og to nye rapportar om fisk og botndyr i Hallingdalselva. NVE viser òg til sak om vilkårsrevisjon for Hemsilvassdraget, sjå internettsida til NVE [link](#). Den saka blei avgjort ved kgl.res. 23.06.2021.

Spørsmål om prosjektet kan rettast til Halvor Halvorsen på e-post Halvor.Halvorsen@hafslundeco.no eller tlf. 97 50 50 51.

Vi ber Hemsedal og Gol kommunar om å kunngjere saka på sine heimesider.

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på ein av følgjande tre måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på våre internettsider
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Fråsegn» og saksnummer 6450 i emnefeltet, og gi opp namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)



- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Fristen for å sende fråsegner er 15. mars 2023.

Fråsegner eller delar av fråsegner vil bli referert i innstillinga i saka frå NVE til Olje- og energidepartementet (OED). Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Fråsegner er offentlege dokument. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Jakob Fjellanger
Senioringeniør

Dokumentet sendast utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Mottakarliste:

Nedre Hemsil Fiskeforening - Dag Stemsvik
Veltavegen ve og vel - Randi Skredderberget
Hallingdalselva fiskelag
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
STATNETT SF
Advokatfirmaet Lund & Co DA - Magnus Dæhlin
GOL KOMMUNE
Hemsedal kommune
Ål kommune
Norsk Maritimt Museum
Hemsedal fiskeforening
STATSFORVALTEREN I OSLO OG VIKEN
VIKEN FYLKESKOMMUNE
Asle Berg Bråtalien
Arne Braathen
Per Helge Myklebust
Knut Espedokken
Odd Even Knutsmoen
Svein Steinbråten
Magne Eidsgaard
Mari Eiklid
Erik Henriksen
Oddbjørn Lio
Rainer Ahrens



Ole Kai Midtgård
Nils Erik Persmoen
Ole Bjørn Øygard

Kopimottakarliste:

Olje- og energidepartementet
HAFSLUND ECO VANNKRAFT AS